

ÅRSMØTE ÅREBROT GRENDAHUS P/L 2021

Laurdag 25.09.2021 - kl.1330
i Årebrot Grendahus.

Pga corona-19 har styret venta med å kalle inn til Årsmøte for 2021. Ettersom det no er opna for sosiale samlingar, kallar styret inn til ordinært årsmøte der også 2. gongs handsaming av saka på ekstraordinært årsmøte 12.12.2019, blir tatt opp.

Tidspunktet for møte er satt opp slik at dei som bur i Florø-området kan ta Kystvegekspressen til Villevika frå Florø kl. 13:00 og retur til Florø 16:00. Dei som ynskjer bilskys frå Villevik til grendahuset, må melde frå på førehand til leiar.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar og referent
3. Val av to personar til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap
5. 2. gongs handsaming av vedtak om opphøyr av partslag. Sjå eiga utgreiing.
6. Val av leiar, 1 styremedlem og 2 varamedlem. (avviklingsstyre)
7. Val av revisor og val- og kontrollnemnd

Styret må eventuelt få inn andre saker innan 15.09.2021.til
Otto, ottou@online.no adresse Nordmarka 897, 0891 Oslo.

Styret har vurdert vedtektene §15 sin ordlyd slik at sak 5 kan det gjerast vedtak ved 2. gongs handsaming av frammøtte partseigarar, når årsmøte elles er vedtaksført. Jfr. §7 i vedtektene. Ein godtek derfor ikkje fullmakter denne gongen frå dei partseigarane som ikkje kan møte.

Vel møtt!

Med helsing styret:

Otto Ullevålseter
Leiar

Orientering om saker til årsmøte.

Sak 4:

Styret legg fram oversikt over kva som har vore gjort i driftsåra 2020-2021. Sjå eige vedlegg.

Sak 5:

Opphøyr av Årebrot partslag og overføring av hus og midlar til Botnane og Årebrot Grendalag (BÅG).

På Årsmøte 12.12.2019 blei det fleirtal for å legge ned partslaget og overføre hus og midlar til BÅG. Ettersom ikkje 2/3 av partseigarane var representert, må framlegget, etter vedtektene for laget, leggest fram for eit nytt årsmøte. Jfr. Vedtektene § 15. Sjå vedlegg.

Vedtak er som følger:

1. Årebrot Grendahus PL blir oppløyst.
2. Eigedommen Gnr. 11 Bnr 31 med dei tilhøyrande hus, installasjonar og avtalar overdragast til Botnane og Årebrot grendelag org.nr. 991 604 383. Årsmøte føreset at huset skal vere eigen driftseining og ha eige rekneskap og eigedomsoversikt for framtida og skal kunne skiljast ut dersom BÅG blir oppløyst. Overføringa av eigedommen blir å gjennomføre når BÅG har godkjent overtaking på sitt årsmøte.
3. Innløysing av partar:
Det skal utbetalast pålydande kr. 100,- pr. part til alle partseigarane og resten av kontantbeholdninga på konto 3775. 65.63573, skal overførast til BÅG sin konto for drift av Årebrot Grendahus etter at alle utgifter til tinglysing og anna utgifter i forbindelse med overtakinga er gjennomført.
4. Innestående på Partslaget sin konto etter utbetaling til partseigarane og utgifter til overdraging av eigedommen og avvikling, overførast til Botnane og Årebrot grendalag sin konto for drift av Årebrot Grendahus.
5. Årsmøtet gir Partslaget sitt styre fullmakt til å gjennomføre årsmøtevedtaket og å avvikle Årebrot Grendahus PL.
6. Fullmakt til å underteikne dei formelle dokumenta som trengs i samband med overdraginga, blir gjeve til leiar i styret for Årebrot Grendahus og ein person som årsmøte vel.

Sjå vedlagt referat frå Årsmøte.

Sak 6:

Det blir val av nytt styre som har ansvar og funksjon fram til den evt. formelle overtakinga er gjennomført.

Vedlegg:

- Protokoll frå ekstraordinært årsmøte 12.12.2019
- Vedtekt for partslaget
- Årsmelding for 2020-2021
- BÅG sitt årsmøtevedtak